



Sjølv om det mange stader ser bra ut, er det viktig med ryddeaksjon etter vinteren.

Uskedal utvikling har før gjort kjend at ein legg opp ein ryddeaksjon i Uskedalen, med start måndag 5. mai. Sekk, laga for dette føremålet, vert utlevert måndag kl. 17 v/ Gampleskulen Arbeidet vert gjort i samarbeid med SIM og ryddinga gjeld vanleg hushaldsavfall, ikkje spesialavfall og skrot frå næringsverksemdar. Metall og anna skrot vert fjerna om ein tek direkte kontakt med SIM.

Uskedal utvikling vil særleg oppmoda velforeningar og privatpersonar om å ta del i aksjonen. Frå før veit vi Uskedal skule i samarbeid med SPAR Uskedalen ryddar i sentrum i tida fram mot 17. mai.

12. mai er det dugnad på Stemneplassen. Elveigarlaget gjennomfører rydding langs elva. Brantroppen vil truleg spyla og gjera reint ved Bautasteinen og Grana. Ved utlevering av sekk vert det informert meir om innsamlinga, og om kor avfallet skal leverast.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto/nett: Thor Inge Døssland